

## Til tillitsvalde og leiarar i statlege verksemder i Vestland!

Leikanger 14.12.2021

### Invitasjon til samarbeidskonferanse 2022

Partane på det statlege tariffområde har sett av midlar der målet er å få til auka forståing av lov og avtaleverk og betre samarbeidskompetanse for tillitsvalde og leiarar i statlege verksemder jf. HTA pkt. 5.3.1. Arbeidet er organisert gjennom regionvise, partssamansette nettverksgrupper, og i Vestland fylke brukar vi midlane til å arrangere samarbeidskonferanse **22. - 23. mars 2022 på Quality Hotel Edvard Grieg** (Sandslia 50, 5254 Bergen).

#### Rammer:

- Målgruppa for konferansen er leiarar/arbeidsgivarrepresentantar og tillitsvalde i statlege verksemder i Vestland fylke.
- Vi forutset at begge partar frå same verksemd er representerte.
- Tidsbruk: lunsj - lunsj konferanse
- I utgangspunktet er det inga avgrensing på tal påmelde pr. verksemd . Dersom påmeldinga blir større enn talet på reserverte plassar, må vi tilpasse tal påmelde frå kvar verksemd.
- Hotellopphald frå 22. – 23. mars, inkl. kurspakke, lunsj begge dagar, ein middag og ein frukost blir dekkja av arrangør. Det blir ikkje gitt kostgodtgjersle.
- Reisekostnader må verksemdene dekke sjølve.

#### Smakebitar av program/tema på konferansen (ikkje utfyllande liste):

- Statens personaldirektør
- Leiarar frå hovudorganisasjonane, statleg sektor
- Fafo
- KMD
- Finn Tokvam og Bård Ose
- Mette Bugge
- Den norske modellen
- Medbestemming
- Hybrid arbeidskvardag
- Kompetanseutvikling

Detaljert program blir sendt ut i løpet av januar 2022.

Vi ber om at tillitsvalde får kopi av dette brevet. Det er lokale partar etter hovudtariffavtalen, dvs. leiarar/arbeidsgjevarrepresentantar og tillitsvalde som er målgruppa for denne konferansen. Verneombod vil ikkje kunne melde seg på. Det same gjeld representantar frå kommunal verksemd/KS-området.

Bruk vedlagde lenke for påmelding, frist 13. januar 2022:

<https://forms.office.com/r/YgUP16Z98L>

Kvar enkelt deltakar melder seg på sjølv, men vi minner om den overordna føresetnaden om at begge partar i verksemda deltek. Stadfesting om plass, ev. venteliste, blir sendt ut etter påmeldingsfristen.

Vi tek og atterhald om smittesituasjonen, og mogleg utsetjing av arrangement eller ev. digitalt arrangement.

**Vi ønskjer velkomen til to inspirerande og nyttige dagar, og ser fram til påmeldinga frå di verksemd!**

Med venleg helsing

Regional arrangørgruppe, region 3 Vestland

Kontakt gjerne representantane i arrangørgruppa ved spørsmål:

Navn	Representerer	Arbeidssted	E-post	Tlf.
Randi Bruheim	Arbeidsgivar	Statsforvaltaren i Vestland	<a href="mailto:randi.bruheim@statsforvalteren.no">randi.bruheim@statsforvalteren.no</a>	95203489
Siri Beate England	Arbeidsgivar	Statsforvaltaren i Vestland	<a href="mailto:Siri.beate.england@statsforvalteren.no">Siri.beate.england@statsforvalteren.no</a>	
Siv Karin Hestad	Arbeidsgivar	Lotteri - og stiftelsestilsynet	<a href="mailto:siv.karin.hestad@lottstift@no">siv.karin.hestad@lottstift@no</a>	99284325
Merethe Engstrøm	Tillitsvald	LO stat	<a href="mailto:Merethe.engstrom@lostat.no">Merethe.engstrom@lostat.no</a>	41209677
Olve Nystuen	Tillitsvald	Vest politidistrikt/ Unio	<a href="mailto:olvenystuen@gmail.com">olvenystuen@gmail.com</a>	
Odd Arne Tveito	Tillitsvald	NAV økonomiteneste/YS	<a href="mailto:Odd.arne.tveito@nav.no">Odd.arne.tveito@nav.no</a>	91620136
Nina Samnøy	Tillitsvald	Høgskulen på Vestlandet/ Akademikerne	<a href="mailto:Nina.samnøy@hvl.no">Nina.samnøy@hvl.no</a>	55587589